



**FOR**

**MENNESKE**

**OG MILJØ**

**FYLKESPROGRAM 2019–2023**

## Innhald:

Kvifor velje Dei Grøne?	side 3
Oppvekst og utdanning	side 4
Kultur og mangfald	side 5
Helse og omsorg	side 6
Samferdsel	side 8
Næringsliv	side 9
Turisme	side 11
Landbruk	side 12
Hav og fjordbruk	side 13
Energi	side 15
Miljø og naturmangfald	side 16
By- og tettstadsutvikling	side 18

## KVIFOR VELJE DEI GRØNE?

Miljøpartiet Dei Grøne jobbar for ein politikk som tek store globale utfordringar på alvor. Vi ser at mange av løysingane handler om korleis samfunnet legg til rette for eit godt kvardagsliv for alle. Det er i våre eigne nærmiljø vi må legge til rette for eit reelt grønt skifte i norsk politikk. Derfor er valet i 2019 så viktig. Stemmer du på MDG i dette valet kan du vere sikker på at di stemme blir brukt til å fremje ein heilskapleg og grøn politikk. Og kvar einaste stemme trengst!

Kommune- og fylkespolitikken i Noreg står overfor store endringar det komande året, med samanslåingar og omorganisering. MDG vil syte for at heilskapleg, grøn politikk blir høgt prioritert i denne prosessen.

MDG er opptekne av solide lokalsamfunn med god lokal beredskap. Det betyr tettstader med skolar og barnehagar. Det betyr god helsefagleg kunnskap, eit reelt lokaldemokrati og ein stor grad av eigenprodusert mat og energi.

Vi jobbar for lokalsamfunn med gode kulturelle møteplassar, tryggleik, tilhørysle, økologisk berekraft, redusert transportbehov, lokale arbeidsplassar og lokal handel.

MDG tek klimatrusselen på alvor, også i lokalpolitikken. Vi går inn for at fylket innarbeider klimatilpassing i beredskapsplanar, og innfører forpliktande klimarekneskap og mål for reduksjon av klimagassutslepp i budsjettet.

## OPPVEKST OG UTDANNING

Den viktigaste oppgåve til skulen er å sikre at barn og unge utviklar seg til kunnskapsrike, skapande menneske med sjølvtillit og sjølvinnnsikt, og med forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjølv og sine omgjevnader.

God psykisk helse er avgjerende for at fleire skal fullføre videregående utdanning. MDG vil auke ressursane slik at hjelp til å takle psykiske utfordringar eller psykisk sjukdom er lett tilgjengeleg for alle barn og unge. Det viktigaste er førebyggande tiltak. Vi vil ha fleire yrkesgrupper inn i skulen, som for eksempel miljøarbeidarar, ungdomsarbeidarar og helsearbeidarar. Dette vil også gi meir tid til lærarane, slik at dei kan fokusere meir på undervisinga.

Vidaregående skular i Møre og Romsdal bør få meir ressursar til oppdaterte lærebøker og andre læringsressursar. Dei vidaregående skulane er svært viktige for utviklinga av fornybarsamfunnet. Vi vil opprette eigne programfagsområde for berekraftig utvikling.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- oppretthalde ein desentralisert skulestruktur for dei vidaregåande skulane
- endre mobiltelefonordninga for tilsette i dei vidaregåande skulane, med mål om å redusere den samla ressursbruken
- ha fleire faggrupper tilstades i dei vidaregåande skulane for å fremje eit godt psykososialt læringsmiljø
- legge til rette for for fleire lærlingplassar i fylket, kommunane og i næringslivet
- prioritere yrkesfaglege linjer på videregående skular
- opprette ei studiespesialiseringe linje med særskilt fokus på berekraftig utvikling på ein av dei vidaregåande skulane i fylket
- syte for at alle vidaregåande skular blir miljøsertifisert
- at psykisk helsehjelp skal vere ein lett tilgjengeleg del av skulehelsetenesta
- styrke skulen som ein arena for sosial samhandling der menneske møtast ansikt til ansikt
- jobbe for at elevar i dei vidaregåande skulane skal få eit medvite forhold til eigen mobil- og skjermbruk

- styrke det nynorske skriftspråket i skulen
- fremje praktisk-estetiske læreprosessar
- støtte utviklinga av Campus Kristiansund
- hjelpe kommunane til å sikre tilfredsstillande fasilitetar for symkjeopplæringa i grunnskulen

## KULTUR OG MANGFALD

MDG ynskjer eit mangfaldig kulturliv i Møre og Romsdal, med sentrale kulturinstitusjonar som sikrar både kulturarv og utvikling av nyskapande kunst. Det må leggast til rette for eit rikt frivillig organisasjonsliv.

Møre og Romsdal er eit fylke med eit rikt kulturliv og sterkt etablerte festivalar og kulturinstitusjonar. MDG vil jobbe for å framleis sikre stabil finansiering og vidareutvikling av kulturlivet.

Det må leggast betre til rette for dei som ikkje er aktive innanfor organisert idrett eller kulturarbeid, som til dømes uavhengige musikkmiljø, skatarar, andre ekstrem sportutøvarar og e-sportsutøvarar. Menneske med funksjonshemming må få hove til å delta som både publikum og utøvarar på lik linje som alle andre. Ein må sikre eldre god tilgang til kulturtilbod. Ordninga med den kulturelle spaserstokken må videreførast slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre kan bli utvikla med et mangfald av sjangrar og uttrykk. Idrett- og kulturarenaer må brukast aktivt for inkludering av flyktningar og innvandrarar.

MDG vil støtte kunst- og kultursenter som tilbyr rom for atelier, skrivestover, musikkverkstader, utstillingar, temasamlingar, konsertar, foredrag og andre arrangement som stimulerer kunst- og kulturmiljøet.

**Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:**

- at fylkeskommunen i periodar kan tilby arbeidslokale til forfatterar, biletkunstnarar og artistar i prosjektfaser
- at gatekunstnarar skal få tilbod om bruk av høvelege areal i offentlege område
- ha stabile ordningar for museum og andre kulturinstitusjonar i fylket
- at biblioteka styrkast som arenaer for lokal samfunnsdebatt
- støtte etablering av stiftingar for kunst- og kultursenter
- vidareføre og styrke Bokbåten gjennom faste overføringer
- bevare spor etter samisk naturbruk og kultur på Nordmøre
- styrke kulturaktivitetar som fremjar mangfald
- støtte festivalar og arrangement som arbeidar for LHBT-rettar og skeiv kultur
- at viktige nasjonale og regionale kulturminne sikrast for framtida
- sikre og videreutvikle tilbodet innanfor Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken

## HELSE OG OMSORG

Føretaka Helse Møre og Romsdal og Helse Midt må avviklast. Kvart sjukehus må ha ei sjølvstendig fagleg og økonomisk leiing, og statlege overføringer treng ikkje å gå gjennom ein administrasjon i Trøndelag. Stykkprisfinansiering av diagnoser skal ikkje styre pengestraumen, men finansiering av sjukehus skal ta omsyn til befolkningsgrunnlag og geografi.

MDG vil arbeide for gode fagmiljø ved alle sjukehus, legesenter og rehabiliteringssenter i fylket. Pasientane ved lokalsjukehus er mer nøgde med behandlinga, og fagleg rekruttering er ikkje vanskelegare ved små enn ved store sjukehus. Beredskapsmessig er det viktig å ha mange sjukehus å fordele pasientar på.

Transport av pasientar og pårørande er svært ressurskrevande og vanskeleg i vårt oppdelte fylke. Å avgrense transportbehovet er særleg viktig for fødande. Ein må sikre god oppfølging for alle fødande i heile fylket. Då er det ein føresetnad at eksisterande fødeavdelingar blir ført vidare.

Møre og Romsdal må gå i front og innleie eit samarbeid med arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjoner for å finne løysingar som sikrar betre vilkår for dei tilsette med låg løn i omsorgssektoren, og betre høve til å slå saman stillingsbrøkar.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- legge ned helseføretaka og overføre ansvaret for sjukehusa tilbake til fylkeskommunen
- la fagmiljøa ta tilbake kontrollen over sjukehusa ved å innføre stadleg leiing
- føre vidare heildøgns akuttkirurgi ved alle sjukehus, også i helgene
- føre vidare ei god ambulanse- og transportteneste for pasientar i alle delar av fylket
- halde på Muritunet, Aure rehabiliteringssenter og Mork rehabiliteringssenter i rehabiliteringsarbeidet
- styrke helsestasjonane og jobbe for at alle kommuner har tilbod om helsestasjon for ungdom i aldersgruppa 13 til 20 år
- styrke helse-, pleie- og omsorgssektoren med fleire stillinger
- satse på førebyggande helsearbeid for alle aldersgrupper
- stoppe nedbygginga av sengeplassar innan psykisk helsevern
- ha miljøvennlege og lokale løysingar for varer og tenester til sjukehusa
- betre avfallssortering på helseinstitusjonar
- sikre sunn, god og variert mat ved sjukehusa og rehabiliteringsinstitusjonane i fylket
- at tannhelsetenesta skal vere gratis til fylte 25 år. Deretter bør utgiftene inkluderast i eigenandelsordninga i folketrygda
- arbeide for at helse- og omsorgsinstitusjonar har tilknyting til grøntareal for rekreasjon og rehabilitering

## SAMFERDSEL

MDG Møre og Romsdal vil arbeide for tette og sterke lokalsamfunn med mindre behov for motorisert transport. MDG vil jobbe for at bymiljøpakkane for Kristiansund, Molde og Ålesund reduserer behovet for bilkjøring, og legg til rette for fotgjengarar, syklistar og kollektivreisande. MDG vil jobbe for ein miljø- og klimavennleg kollektivtransport, for eksempel gjennom attraktive og behovstilpassa rutetilbod, lågutsleppsteknologi og elektriske bussar. MDG vil effektivisere bybusstilbudot i Ålesund, Molde og Kristiansund ved å fjerne billetteringa frå

bussen. Brukarstyrt, appbasert billettering fungerer godt i fleire andre norske byar, og fører til kortare stopptid og soleis eit raskare kollektivtilbod. Vi ynskjer å legge til rette for meir fleksible kollektivtilbod i distrikta, der for eksempel drosjer kan tingast til kollektivsatsar der det ikkje er drivverdig med eit ordinært busstilbod.

Jernbane lenger inn i fylket er avgjerande for ein berekraftig og effektiv godstransport ut av fylket. Flyplassane i fylket bør ikke utviklast for auke i trafikken. Flytilbodet er godt nok som det er.

MDG går inn for E39-tiltak som får gjennomgangstrafikk utanom byar og tettstader. Det kan gi positiv effekt for lokalsamfunn. Framleis må delar av vegnettet bli utbetraast før vi får trygg transport i heile fylket. MDG er mot nye fjordkryssingar så sant ikkje ein grundig miljørekneskap viser at det er billigere og mer miljøvennleg enn ferjedrift. Fjordkryssinger må leggast til rette for syklande og fotgjengarar. Elektrisk ferjedrift bør erstatte dieseldrivne ferjer alle stader der infrastruktur og trafikkgrunnlag ligg til rette for det.

### Miljøpartiet Dei Grønne i Møre og Romsdal vil:

- gå mot store nye vegprosjekt som ikkje gir klimagevinst
- prioritere vedlikehald av vegen, havner og kaianlegg
- gå inn for bussar med låge utslepp. Biogass eller elektriske bussar der det er føremålstenleg
- føre vidare og evaluere ordningen "Heim for ein 50-lapp" (Fram flex)
- fryse ungdomskortet "Fram ung" på kroner 400,-
- gi fulltidsstudentar høve til å nytte Fram ung
- arbeide for bymiljøpakkar der berekraft, helse og miljø står i fokus
- redusere vegsalting for å bevare køyretøy, asfalt og planteliv langs vegane
- få godstrafikken tilbake på Raumabanen
- støtte opp om Stad skipstunnel og utvikle havner og godsterminalar i området
- ha tydeleg ruteinformasjon i sanntid på alle terminalar og stopp i byar og tettstader
- legge til rette for rullestolbrukarar i kollektivtilbodet
- jobbe for nattog mellom Romsdal og Oslo
- gratis ferje for syklistar

- arbeide for jernbane til Ålesund
- knyte saman fylket med sykkelvegar

## NÆRINGSLIV

For Dei Grøne er mangfold et viktig omgrep i alle samanhengar. Både med tanke på klimaet, men også for Noreg si konkurransekraft og velferd på sikt, er det god grunn til å bekymre seg over vår sterke binding til oljeverksemd. Næringslivet i Møre og Romsdal er spesielt tett knytt til olje og gass, og difor er ei grøn omstilling ekstra viktig i vår del av landet.

Utvikling av nye industriar og nye lokale bedrifter vil gi Møre og Romsdal fleire bein å stå på. Difor vil vi satse på gründerverksemd og legge til rette for omstilling og utvikling av eit grønt næringsliv. Til dette trengs kunnskapsutvikling, gode offentlege støtteordningar og eit grønt regelverk. Vidareutdanning og rekruttering av høgt kompetent arbeidskraft er ei sentral utfordring for verdiskapinga i regionen. Det er viktig at fylket sine forskings- og utdanningsinstitusjonar styrkast, og er pådrivarar for nytenking, samarbeid og samfunnsutvikling.

Underskotet av kvinner i Møre og Romsdal er ei utfordring. Ein må jobbe målretta for å skape eit næringsliv som opplevast attraktivt også for kvinner.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- arbeide for fleire grøne arbeidsplassar i fylket
- at regionale utviklingsorgan som for eksempel hoppid.no, i langt større grad må legge vekt på berekraft
- legge til rette for eit tett samarbeid mellom næringsliv og forskings- og utdanningsinstitusjonane, særlig i samband med miljøtiltak og teknologiske løysingar i næringslivet
- sikre eit inkluderande og mangfaldig arbeidsliv som er attraktivt, også for kvinner

- skape fleire lærlingplassar i fylkeskommunen, i kommunane og i næringslivet
- 6-timers arbeidsdag
- legge til rette for at private bedrifter tilset folk med funksjonshemmingar, og tilpasse fleire jobbar for desse i det offentlige
- arbeide for at statlege arbeidsplassar etablerast i alle delar av fylket
- at fylkeskommunen ber Kommunal Landspensjonskasse (KLP) kutte investeringar i fossil energi
- bruke fylkeskommunen sin eigarskap i Innovasjon Norge til grøn omstilling og klimavennlege løysingar
- at fylkeskommunen melder seg inn i Initiativ for etisk handel
- at fylkeskommunen stiller krav til fossilfrie anleggspllassar

## TURISME

Møre og Romsdal må arbeide for lavere klimaavtrykk, grønn innovasjon og høyere grad av lokal verdiskaping i reiselivet. Fylkeskommunale satsinger må ta innover seg, og diskutere hvilke turistprodukter vi markedsfører, og hvilke konsekvenser dette har for lokalsamfunnene.

Turisme er en viktig næring i vårt fylke. Videre utvikling forutsetter at næringen tar hensyn til bærekraftig bruk av naturen, en helhetlig forvaltning som ivaretar lokalsamfunnene sine behov for arbeidsplasser og sameksistens med eksisterende, tradisjonelle næringer. Vi ønsker ikke flere

rene turistdestinasjoner som Geiranger og går imot bygging av flere cruisekaier og anløp i fjordene.

Fylket vårt har fantastiske muligheter for sykkelturer, fotturer, toppturer, padling, fisking, museumsvandring, by- og bygdevandring. Det er slike former for turisme som bør danne grunnlaget for fremtidens turistnæring.

Vi ønsker at turistene som kommer til Møre og Romsdal skal møte ren natur. Vi vil formidle til de besökende i fylket vårt at vi som bor her verdsetter dette. MDG ønsker å utrede turistskatt som finansieringsmodell for sanitæranlegg, renovasjon og andre tilretteleggingstiltak for turismen i fylket.

### Miljøpartiet De Grønne i Møre og Romsdal vil:

- etablere et godt skiltet og sammenhengende nettverk for ferdsel med sykkel gjennom fylket
- stimulere til flere overnatningssteder langs gjennomfartsårene for sykkelturister
- støtte til små reiselivsaktører som satser på bærekraftig opplevelsesturisme
- sørge for gode sanitærløsninger på høyt trafikkerte steder
- ha god turistinformasjon om allemannsretten og renovasjonsløsninger
- gjøre informasjon om regler for jakt, fiske og sinking lettere tilgjengelig
- redusere, ikke øke antallet cruiseanløp i fylket
- stoppe etableringen av flere cruisehavner i fjordene i Møre og Romsdal
- kreve landstrøm til eksisterende cruisehavner
- verne og pleie kulturlandskap av stor verdi for turismen ved å subsidiere drift

## LANDBRUK

Møre og Romsdal har mykje viktig landbruksareal. Eit aktivt landbruk er med på å skape levande bygder og allsidig sysselsetting. Vi ser at klimaendringane i aukande grad verkar inn på

avlingane. Sommaren 2018 gav eit tydeleg bilet på utfordringane landbruket i Noreg står overfor. Vi vil bidra til at matproduksjonen styrkast og stør opp under biologisk mangfald, matsikkerheit og miljø. Difor vil MDG bevare all matjord i Møre og Romsdal.

Økologisk landbruk har ein viktig spydspissfunksjon for å utvikle heile landbruket i berekraftig retning. Dei viktige kompetansemiljøa i NIBIO og NORSOK på Tingvoll må førast vidare og styrkast. MDG vil utvikle utdanningstilbod knytt til fagmiljøet der. Små- og storfenæringa er viktige for å utnytte naturressursane og pleie landskapet.

MDG vil ha betre tilskotsordningar for små og mellomstore bruk slik at dei kan drive uavhengig av konjunktursvingingar og greie seg økonomisk trass utfordringar knytt klimaendringar. God dyrevelferd må prioriterast over effektiv matproduksjon i landbruket. Det er viktig med allsidige førebyggande tiltak mot rovdyrskader og andre årsaker til at sau dør eller skadast, slik at sauehald kan drivast med god dyrevelferd utan store økonomiske tap for sauebøndene.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- føre vidare dagens areal med matjord
- restaurere og få i drift drivverdig matjord som står i fare for å gå tapt
- stimulere til fleire arbeidsplasser og auke mangfaldig produksjon innanfor berekraftig og økologisk landbruk
- fremje Bondens Marked for direkte omsetnad av kortreist mat frå bonde til forbrukar
- førebyggande tiltak mot rovdyr i område med sauehald
- at pelsdyroppdrettarar må få tilstrekkeleg omstillingsstøtte ved avviklinga
- jobbe for å kunne tilby mobile slakteri for gardar med lang avstand til slakteri, og høve for slakting på eigen gard
- forsvare intensjonane i konsesjonslova og buplikta for landbrukseigedommar
- ha gode støtteordningar for bruk av utmarksbeite
- stimulere til å auke produksjon av frukt, korn og grønnsaker i fylket
- opprette støtteordningar for videregående skular som ynskjer å starte programfagområde for økologisk landbruk
- at fylket skal opprette ei stilling som rådgjevar innanfor landbruk med fokus på berekraftige agronomiske prinsipp

## HAV OG FJORDBRUK

Møre og Romsdal er det største sjømatfylket i landet. Eit aktivt hav- og fjordbruk er med på å skape levande bygder og allsidig sysselsetting. Vi meiner at oppdrettsnæringa fører med seg openbare problem slik den drivast i dag. Avfallshandtering, rømming, fiskehelse og berekraftig bruk av vassressursar er område som det må arbeidast med før vi kan støtte ei auke i volumet.

I Norsk industri sitt vegkart for havbruksnæringa heiter det at oppdrett av laks må skje med ein teknologi som eliminerer problema med lakselus, hindra rømming og tek vare på verdien av partikulært materiale innan 2030. MDG stiller seg bak denne nullvisjonen og ynskjer at Møre og Romsdal innfrir innan 2025.

Fordi utfordringane innanfor oppdrettsnæringa er omfattande, bør fylket setje inn ressursar på forsking som kan bidra til ei meir berekraftig næring. Både i forproduksjon, avfallshandtering og modernisering av produksjonsanlegg kan det – med rette insentiva – drivast grøn næringsutvikling og skapast nye arbeidsplassar.

Eit mangfoldig, spreitt og lokalt eigarskap vil vere det beste for fiskerinæringa, marknaden og samfunnet. Norsk fiskerinæring blir stadig viktigare for Noreg med sine rundt 27.000 sysselsette og ei verdiskaping pr. tilsett som er langt over gjennomsnittet for Fastlands-Noreg. Dette må vi ta vare på, og eit av verkemidla er lokal og fiskerinær eigarskap.

I kystfisket må vi ha rekrutteringskvoter som delast ut til unge i ei etableringsfase, som igjen gir kvotene vidare til neste unge fiskar.

**Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:**

- arbeide for ei meir berekraftig og etisk forsvarlig oppdrettsnæring

- premiere aktørar som satsar på lukka teknologi på land og i sjø
- etablere eit system med ressursrente som gir insentiv til lukka teknologi for både oppdrettar og vertskommune
- at Møre og Romsdal vedtek ein nulltoleranse for rømming, lus og utslepp i oppdrettsnæringa innan 2025
- tidsavgrensing av konsesjonar i oppdrettsnæringa
- styrke kystfiskeflåten og hindre at kvotekjøp gjer at fiskeressursane blir ein industri som endar opp hos utanlandske investorar
- arbeide for å få fleire til å drive økologisk sjøbruk
- styrke fylkeskommunalt arbeid med å overhalde lovgivinga for oppdrettsnæringa
- styrke NVE sitt forvaltingsansvar for våre vassressursar
- at ein bestemt del av midlane fra Havbruksfondet blir øyremerka forsking for ei mer berekraftig næring
- redusere døyingsprosenten i oppdrettsanlegg til maksimalt 10%
- sikre støtte til etablering av pilotanlegg for tareproduksjon

## ENERGI

MDG Møre og Romsdal meiner at fylkeskommunen i mykje større grad må satse på å utvikle og stimulere til energisparing og bruk av nye, berekraftige energiformer.

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har ved hjelp av statlege midlar fått utarbeida kommunale klimaplanar, men erfaringa viser at kommunane treng fagleg ekspertise for å utvikle og gjennomføre klimaplanane. Dette må fylket støtte opp under.

Ny energiproduksjon må vere fornybar og utviklast med mest mogleg omsyn til berekraft og naturmangfald. Møre og Romsdal MDG seier nei til vindturbinanlegg som kjem i sterkt konflikt med naturverdiar. Etablering av nye vindturbinanlegg må skje i tett samarbeid med kommunane og andre lokale interesser.

MDG Møre og Romsdal ser stort potensiale for havvindanlegg. Småskala energiproduksjon har i Møre og Romsdal handla om vasskraft. MDG vil av naturvernomsyn i større grad satse på småskala sol- og vindenergi.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- etablere ein forpliktende og ambisiøs klimaplan – med rekneskap og budsjett – for Møre og Romsdal. Den skal ha mål om å kutte utslepp med 80 prosent frå dagens nivå innan år 2030
- satse på forsking og utvikling av nye energikjelder i fylket i samarbeid med lokale forskingsressursar og institusjonar
- ha streng handheving av føre-var-prinsippet ved småkraftutbygging. Ein må ta omsyn til både naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv
- arbeide for at Møre og Romsdal blir et føregangsfylke i satsinga på ENØK, fornybar energi og klimaplanar i næringslivet
- innføre landstrøm ved hamner i Molde, Ålesund, Geiranger og andre større hamner
- stimulere til storsatsing på energiøkonomisering i offentlege og private bygg og anlegg
- etablere eit fylkeskommunalt forum for å vidareutvikle og styrke kommunal energi- og klimaplanlegging for reduksjon av klimagassutslepp
- legge til rette for solenergiproduksjon frå private bustader, fritidsbustader, bedriftsbygg og offentlege bygg gjennom ei fylkeskommunal støtteordning
- bidra til utviklinga av, og infrastrukturen knytt til fornybarteknologi i skipstrafikken
- at fylket legg til rette for realisering av havvindprosjekt og teknologi til syntetisk gassproduksjon

## MILJØ OG NATURMANGFALD

MDG står for ein politikk som sikrar naturmangfald. Dette føreset høg og kontinuerlig medvitne om ulike økosystem sin verdi for vårt livsgrunnlag. I ei tid der artsmangfaldet og viktige naturområder brytast ned, der bier og humler forsvinn, med dei konsekvensane dette vil få for

matproduksjon, må tiltak utviklast og iverksetjast på alle nivå.

Auke i skipstrafikk utanfor kysten krev en betring av akuttberedskapen. For å forebygge forureining og redusere skade ved ulykker vil MDG auke beredskapen mot akutt forureining og modernisere oljevernberedskapen for å skape ein samla kystberedskap. MDG vil verne fleire verdifulle naturområde i fylket som heilskap. Mørebankane er eit svært viktig gyteområde. Området må vernast på lik linje med Lofoten, Vesterålen og Senja.

Det må forskast meir på konsekvensane av taretråling. Livsmangfaldet i tareskogen er grunnleggande for livet i havet. MDG vil verne fleire soner og ha lengre intervall mellom innhausting- og fredingsperiodar.

I arealplanprosessar bør rammene i gjeldande klimaplaner legge grunnleggande føringar heilt frå planoppstart til endeleg vedtak.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- skjerme Mørebankane for petroleumsaktivitet og faste installasjoner
- gå mot giftdeponi på Rausand i Nye Molde kommune
- vurdere nye verneområde og nasjonalparkar og stimulere til bevaring av kyst- og fjordlandskapet
- at Møre og Romsdal skal bli eit miljøfylke med inspirasjon frå Tingvoll økokommune
- arbeide for at staten i større grad bidreg til opprydding av alvorleg og helseskadeleg forureining i fjordar og langs kysten, spesielt i hamneområde
- ha fleire tiltak som kan bevare tareskogen og korallområder i fjordane og havet utanfor
- styrke Skjærgårdstenesta økonomisk og utvide kapasiteten til å dekke større delar av fylket
- at strandrydding blir innført som eit fast årleg prosjekt i alle kommuner i Møre og Romsdal

- støtte forskning på kystfuglbestanden og ressurssituasjonen for tobis, raudåte og sildeyngel
- legge større vekt på å unngå tap av biologisk mangfold, og minimere transportbehov og utslepp ved utbygging av infrastruktur og andre større anlegg
- innføre streng regional regulering av vannscooterbruk
- betre det digitaliserte oversynet over naturtypar
- at all arealforvaltning skal vere heilskapleg og kunnskapsbasert, og gjerast på bakgrunn av naturmangfoldlova og føre-var prinsippet
- at kommunane brukar arealplanlegging til å sikre folk, bygningar og infrastruktur frå dei negative konsekvensane av klimaendringane
- at kommunane i Møre og Romsdal legg opp til planprosessar som gir høve for alle til å delta og påverke
- gå mot forsøk med fritidskjøring i snøskuterløyper
- arbeide for å vidareutvikle økologisk forsking på Tingvoll og Runde Miljøsenter
- stoppe utplanting av framande treslag. Stimulere til planting av mange ulike treslag som økologisk passar inn i naturområdet ved nyplanting etter hogst
- følge opp Vassdirektivet og planane for betre vassmiljø i alle vassregionane i fylket
- betre miljøstasjonar, retur- og gjenbruksordningar. Skille matavfall frå restavfall i heile fylket
- at fylkeskommunen kuttar all bruk av eingangsplast
- unngå bruk av syntetiske plantegifter både i land- og sjøbruk, i stell av offentleg eigedom og langs offentlege vegar
- sikre vern av viktige myrområde
- tilpassa kantslått langs fylkesvegar for å betre levevilkår for insekt

## BY- OG TETTSTADSUTVIKLING

Arealplanlegging er ei veldig viktig reiskap i samfunnsutviklinga, fordi det har innverknad på livskvaliteten gjennom transportbehov, matproduksjon og tilgang til naturen. Frå eit klimaperspektiv er det viktig at vi utnyttar plassen godt ved å bygge tett. Dette gir minst mogleg

ingrep i naturen, og sikrar viktige areal for matproduksjon.

Høg utnytting i tettbygde strøk og byar skaper attraktive lokalsamfunn. Det fører til at fleire bur i nærleiken av butikk, offentleg kommunikasjon og naturen. Det er dette som tradisjonelt sett er tanken bak europeisk by- og tettstadsplanlegging. På denne måten sikrar ein eit større kundegrunnlag for lokalbutikken, det gjer at fleire bur nærmare arbeidsplassen, og det gir eit større nedslagsfelt for kollektivtransporten. I kompakte lokalsamfunn er det kort veg til alt. Det reduserer press på vegnettet. Det er viktig at arealplanlegging og transport sjåast i samanheng, slik at vi ikkje skapar eit større klimaproblem, men bygger mangfald og liv i sentrumsområda.

Byutviklinga i Kristiansund, Molde og Ålesund må bli meir kompakt og mindre bilbasert. Vi legg vekt på medviten arealutforming som grunnlag for å skape grøn samferdsel. Det er naudsynt med utbygging av bu- og arbeidsmiljø som er tilgjengelege for fotgengjarar, syklistar og kollektivbrukarar, samt høg tettleik i område som er eigna for kollektivtransport. Ein bør omdisponere areal frå biltrafikk til fotgengjarar, syklistar og kollektivtrafikk. Sundbåten i Kristiansund er eit døme på kollektivtrafikk som kan innførast i Ålesund.

Bumiljø må legge til rette for møtestader som løkker og grøntområde med benkar og kunstinstallasjonar, utandørs treningsapparat og uorganiserte aktivitetar som parkour og skating. Tettstadsutvikling må utformast universelt med omsyn til mobilitet for menneske med funksjonshindringar.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Møre og Romsdal vil:

- at byar og tettstader legg til rette for fleire bustader i sentrum før ein bygger ut nye bustadområde i utkanten, nær kollektivknutepunkt
- ha høgare krav til utnytting av sentrumsareal i byane
- ha mindre overflateparkering i bysentrum slik at ledig areal kan utviklast til attraktive opphaldsrom
- at by- og tettstadsutvikling skal planleggast for redusert behov for privatbil etter miljøgatemodellen. Det skapar trivelegare nærmiljø, og gir høve for fleire rekreasjonsområde eller fortetting

- stimulere til kolonihagar, parsellhagar, takhagar og andelslandbruk nær byane
- skape attraktive, kompakte og tilgjengelige nærmiljø med næringsliv, arbeidsplassar, skule og andre offentlege tenester
- legge innfartsparkeringar for bil og sykkel i umiddelbar nærleik til kollektivtrafikk
- at kontorarbeidsplassar må lokaliserast nær kollektivtransport og der folk bur
- at bysentrum og tettstader først og fremst utformast på dei mjuke trafikantane sine premiss, med god tilrettelegging for menneske med nedsatt funksjonsevne
- syte for betre samarbeid mellom kommuner og fylket i arealplanlegginga, for å sikre eit heilskapleg utbyggingsmønster som minimerer transportbehov
- at gang- og sykkelvegar til skular skal prioriterast, slik at barn og unge får sikre skoleveger. Foreldre skal ikkje føle seg tvinga til å køyre barna til skulen
- etablere hjartesoner rundt alle skular i fylket
- arbeide for at fylkesmannen sitt mynde styrkast i miljøvern-, jordvern- og arealsaker
- at alle skal ha tilgang til parkar eller naturområde i nærmiljøet
- at gangfelt som hovudregel skal vere opphøgde og belyste
- ha maksimalt 40 km fartsgrense i det meste av dagens 50-soner i tettstader og byar

# GODT VAL!